

**Nytt hus lengre frå vegen**

27.12.2011

**Oppattbyggjinga av huset til Wang etter brannen i mai skal snart starta og i byggjesøknaden vert det opplyst at den nye tomannsbustaden som skal reisas på tomta blir trekt litt lengre frå hovudvegen. Det blir 14 meter til midtlinja av fylkesveg 48 mot tidlegare 8,5 meter.**

Avkjørsle mot fylkesvegen vert no felles med Skårhaugvegen og det er gjeve avkjørselsøyve.

Tomta er 960 kvadratmeter og det blir opplyst at korkje høgspant kraftlinje eller vass- og avlaupsleidningar er i konflikt med det nye huset.

Det er Teigen som har fått oppdraget med å byggja nyhuset som får eit buareal på 249 kvadratmeter.